

Christian synte fram Frost

Christian Nesse Dimmen er i Ulsteinvik og syner fram klimabilen han har vore med og bygd.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE
ingvild@vikebladet.no

Dei som tok turen innom Blåhuset laurdag kunne få sjå vinnarbilen Frost.

Då Vikebladet Vestposten var innom var det alt mange som hadde kome bort for å ta ein nærare kikk på bilen.

Ole Fjellveit, som òg har vore med å lage bilen, kunne fortelje at mange ville vite kor fort bilen



Christian Nesse Dimmen synte fram klimabilen sin på Blåhuset.

kan gå. Men sjølv om bilen kan minne om ein racerbil, går han ikkje så fort. Det er ikkje det som er føremålet med bilen. Det er nemleg å gå lengst mogleg med minst mogleg drivstoff.

Bilen var på ein motorevent i Bergen fredagen. Laurdag var han altså i Ulsteinvik. Og måndag

var gutane tilbake til skulen med bilen. I byrjinga av juni skal bilen vere med på CC9, ein klimakonferanse i Østfold. Elles er bilbyggjarane travelt opptekne med oppgåveskriving for å avslutte bachelorstudiet sitt i industriell design.

Rekordmessig innflytting til Ulstein - frå utlandet

Rekordmessig innflytting frå utlandet er hovudårsaka til rekordtilveksten i folketalet for Ulstein kommune.

LEIV ARNE GRIMSTAD
leiv.arne@vikebladet.no

Den samla folkeveksten i Ulstein i 1. kvartal var på 111. Folketalet kom dermed opp i heile 7.163, trass i at kommunen sitt fødselsoverskot i nemnde periode var på berre 7.

Dei andre kommunane på Søre Sunnmøre hadde slik folketalsutvikling i 1. kvartal:

Ørsta 10.230 (+ 30)
Volda 8.543 (+ 34)
Herøy 8.362 (+ 13)
Hareid 4.825 (+ 8)
Vanylven 3.484 (- 10)
Sande 2.526 (- 15)

Fleire fødslar i Hareid enn i Ulstein

Vi merkar oss frå statistikken at det vart født fleire barn i Hareid enn i Ulstein i 1. kvartal - ein overraskande tendens vi også registrerte på slutten av fjoråret. Hareid hadde 19 fødslar mot 18 i Ulstein. Også Herøy hadde 19 fødslar i 1. kvartal. Både Ørsta og Volda hadde 33 fødslar, medan Vanylven hadde 6 og Sande 4.

Innvandring er "motoren" i folketalsutviklinga

Folketalsutviklinga er framleis sterkt prega av innflytting frå utlandet. Heile Møre og Romsdal hadde 832 innflyttingar frå utlandet i 1. kvartal, medan 143 flytta frå fylket til utlandet. Fylket hadde ein samla folkevekst i 1. kvartal på 631. Utan innflyttingsoverskotet frå utlandet ville folketalsutviklinga ha vore negativ.

Fantehuset får truleg ta over Trudvang vederlagsfritt

Torsdag blir det avgjort om selskapet "Fantehuset" får ta over det gamle ungdomshuset Trudvang i Hareid - vederlagsfritt

ANNE GRY EILERTSEN
anne.gry@vikebladet.no

Saka skal då til handsaming i kommunestyret, og rådmann Arne Gunnar Aschehoug rår til at Fantehuset, med Andreas Grimstad i spissen, får ta over huset.

Folka bak Fantehuset vil gjie ungdom nye tilbod til rusfrie syslar, og dei ønskjer å ta vare på historia til Trudvang. Alle involverte i Fantehuset har synt engasjement

og iver etter å gjennomføre målsetjingane om å skape ein møteplass for ungdom.

Sidan sommaren 2008 har det vore minimalt med aktivitet i huset. Det vart også klarlagt at tilbygget mot riksevegen hadde ein skade i taket som resulterte i at regnvatn rann inn. Men etter ein grundig sjekk i mai 2007 vart det slått fast av fagfolk at huset ikkje er i så dårleg stand som frykta.

I samband med overdraginga meiner rådmannen kommunen må stille som vilkår at Fantehuset held eigeiendomen i rimeleg stand og at eigeiendomen blir ført tilbake til kommunen dersom Fantehuset ikkje brukar Trudvang etter intensjonen, eller at laget blir opplyst, eller bygningen brenn og det ikkje vert reist på nytt.

Trafikkulukke i Fløstranda

Ein person er hardt skadd etter ei utforkøyring i Fløstranda søndag ettermiddag.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE
ingvild@vikebladet.no

Det er framleis uklart kvifor bilen køyrde i grøfta, men det skal korrjere vere mistanke om promillekøyning eller høg fart på bilen.

Bilen kom køyrande frå Flø og i retning Ulsteinvik.

Bilen skal ha treft ein fjellknaus på motsatt side av vegen ved ei høgrekurve, før han hamna i grøfta på den andre sida av vegen. Det regna kraftig denne ettermiddagen, så vegen var våt. Politiet etterforskar no kva som har skjedd.

Det var ikkje involvert fleire bilar i trafikkulukka.

Ulukka vart meldt inn til politiet kl 17.47 søndag. Ein var så alvorleg skadd at han vart frakta derifrå med luftambulansse. Dei to andre som var i bilen vart òg sendt til sjukehuset for ein sjekk.



- Tussafiber eit framtidensretta underholdningsprodukt. Alt i ein pakke: internett, telefoni, fjernsyn, radio og leigefilm. Alt på ein fiberkabel, reklamerer salssjef Steinar Hauge i Tussa. Tysdagskvelden signerte mange i Hasund kontrakt med Tussa.

Tussa tilbyr fiber

Tussa byggjer ut fiber for 200 millionar kroner på Søre Sunnmøre. Fiberen skal mellom anna gjie raskare internett.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE
ingvild@vikebladet.no

Tysdagskvelden hadde Tussa informasjonsmøte i Hasundgot I.L. sitt klubbhus. Møtet var for innbyggjarane på Tiggeteberget og Kjerringnesmyra. Føremålet med møtet var å lodde stemninga for fiber i Hasund.

Sprer fiber til byggjefelta

I mai og juni vil Tussa selje fiber i tre område i kommunane Ørsta, Herøy og Ulstein. Dei tre område er delar av Rystefeltet i Ørsta, Blåhaugen/Eslebø i Herøy og Hasund i Ulstein. Ved å kjøpe fiber frå Tussa vil innbyggjarane tilgang til mykje kraftigare internett, ulike TV-pakkar og eit godt utval av leigefilmar og telefoni.

Tussa melder at dei skal byggje ut fiber til alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre, men at dei startar i dei tre nemnde områda. Frå før er dei alt i gang på Bratteberg i Volda, der salet skal ha gått godt. I Vanylven og

Sande vil dei nytte inneverande år til å etablere naudsynt infrastruktur, før dei startar opp salsarbeidet i utvalde felt.

Når Tussa har sett seg ut felt å byrje med har avgjerande faktorar vore storleiken på området, etterspurnad, kostnadene ved å føre fram fiber i området, eksisterande infrastruktur og konkurransesituasjonen.

Stor stemning på Hasund

Salssjef Steinar Hauge i Tussa sa seg godt nøgd med oppmøtet på Hasund. Det var stor interesse for fiber i området og mange skreiv kontrakt med Tussa denne kvelden.

- I overkant av ti prosent av innbyggjarane i heile feltet skreiv kontrakt med oss, det er veldig bra, opplyser Hauge.

Før Tussa går i gang med det fysiske arbeidet må 60 prosent takke ja til tilbodet frå Tussa, men det trur ikkje Hauge at blir noko problem så positiv som stemninga er no.

Dei neste områda som står for tur er delar av Rystefeltet i Ørsta, og sentrumsområdet i Hareid og Fosnavåg.

- No tek me det fortløpande, seier entusiastisk Hauge.

- Dette er gledeleg. Det er jo det me vil, at folk skal finne kommunen vår attraktiv, uttaler Måseide.

Det er særleg bustadsituasjonen i kommunen ho er uroa for, men kommunen vil som sagt drøfte situasjonen over sommaren.

- At det blir fødd så mange born ser eg på som eit teikn på god trivsel, seier ordføraren nøgd.